



Førebuande fellesnemnd

Møte 6 – 16.06.17
Fjell rådhus

ØYGARDEN - eit fyrtårn i vest -

Velkommen til Fjell kommune

v/ordførar Marianne Sandahl Bjorøy

Sak 29/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 29/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 30/17 Godkjenning av referat frå møtet 24.04.17

Sak 31/17 Presentasjon av gjennomført kartlegging pensjonsordningar v/økonomisjef i Fjell kommune, Svend-Fredrik Untiedt

Sak 32/17 Tilsetjing av prosjektleiar

Sak 33/17 Felles kommunestyremøte 21. juni etter innkalling frå Fylkesmannen og påfølgjande separate kommunestyremøte i dei tre kommunane

Sak 34/17 Gjennomført framtidsseminar 15.05.17

Sak 35/17 Seminar 4 den 26. – 27. april på Scandic Bergen Airport, Flesland med tema:
«Mål og visjoner for ny kommune – og gevinstrealisering i praksis»

Sak 36/17 Oppsummering av Førebuande fellesnemnd sitt arbeid

Sak 37/17 Ymse

Kl. 11.00 – 11.30: Lunsj og avslutning

Sak 30/17 – Godkjenning av referat frå møte 24.04.17

- Referatet lagt ved møteinnkallinga

Sak 31/17 - Presentasjon av gjennomført kartlegging pensjonsordningar

v/økonomisjef i Fjell kommune, Svend
Fredrik Untiedt

- Rapport ettersendes Førebuande
fellesnemnd før møtet 16. juni

Sak 32/17 - Tilsetjing av prosjektleiar

- Informasjon om tilsetjingsprosessen v/dei tre ordførarane
- Tilsetjingsutvalet si innstilling
- Førebuande fellesnemnd sitt vedtak

Tilsetjingsprosessen

Etter anbodsrunde vart Mercuri Urval valt som rekrutteringsselskap for prosessen.

Stillinga som prosjektleiar har vore utlyst i:

- Bergens Tidende.no
- Kommunal Rapport
- Finn.no
- LinkedIn
- Bergens Tidende
- vestnytt.no
- Vestnytt

Søknadsfrist: Søndag 21. mai 2017

Tilsetjingsprosessen

- Det meldte seg 25 søkerar, 8 av søkerane trekte søknadene sine – ingen søkerar fekk godkjent u.off. på søkerlista
- 6 søkerar var kalla inn til 1. gongs intervju
- 3 søkerar var kalla inn til 2. gongs intervju
- 8 søkerar trekte søknadene sine

Tilsetjingsutvalet

Tilsetjingsutvalet for tilsetjing av prosjektleiar:

Ordførar Marianne Sandahl Bjorøy, ordførar Kari-Anne Landro, ordførar Børge Haugetun, tillitsvalt Utdanningsforbundet Øygarden – Vibecke Hodnekvam, tillitsvalt Fagforbundet Sund – Hildegunn Høyland og tillitsvalt Utdanningsforbundet Fjell – Nina Zandstra.

Tilsetjingsutvalet si innstilling

Tilsetjingsutvalet tilbyr
stillinga som prosjektleiar for «Nye Øygarden
kommune».

Som nr. 2 vert innstilt:

Som nr. 3 vert innstilt:

Vedtak tilsetjing av prosjektleiar

Førebuande fellesnemnd sluttar seg til
Tilsetjingsutvalet si innstilling og gjer slikt
vedtak:

Førebuande fellesnemnd

Sak 33/17 – Felles kommunestyremøte 21. juni med påfølgjande separate kommunestyremøte

Mandat FF:

- *Leggja til rette for felles kommunestyremøte for dei tre kommunestyra i forkant av oppretting av den formelle fellesnemnda våren 2017. Aktuelt tema er status og drøfting av «førebuande fellesnemnd» sitt arbeid.*

Sak 33/17 – Felles kommunestyremøte 21. juni med påfølgjande separate kommunestyremøte

- Saksframlegg 1: «Etablering av ny kommune – oppfølging av felles Intensjonsavtale og Inndelingslova §§ 25 og 26»
 - Vedlegg: «Reglement for fellesnemnda
- Saksframlegg 2: «Val av revisor for fellesnemnda i samband med samanslåing av kommunane Fjell, Sund og Øygarden
 - Vedlegg: Innstilling frå kontrollutvala i Fjell, Sund og Øygarden

Saksframlegg 1 - Etablering av ny kommune – oppfølging av felles Intensjonsavtale og Inndelingslova §§25 og 26.

Innstilling: Kommunestyret vedtek:

1. Namnet på den nye kommunen skal vere Øygarden, og den skal ha same kommunevåpen som Sund kommune har.
2. Det skal etablerast ei Fellesnemnd i samsvar med kriteria i Inndelingslova. Fellesnemnda skal ha dei same medlemmene som Førebuande fellesnemnd.
Frå Fjell kommune: Marianne Sandahl Bjørøy (AP), Egil Haaland (AP), Hilde Lohmann Sandahl (AP), Tom Georg Indrevik (H), Ernst Einarsen (H), Odd Bjarne Skogestad (KrF), Svein Bergh (SL), Anita Garlid Johannessen (FrP).
Frå Sund kommune: Kari-Anne Landro (H), Nils-Kåre Skoge (H), May-Elin Limevåg (FrP), Jogeir Sognæs (AP), Kjell Arve Vorland (SP).
Frå Øygarden kommune: Børge Haugetun (TVØ), Silvia Haugland (TVØ), Espen Harkestad (AP), Ingrid Marie Toft (H).
3. Fellesnemnda skal ha følgjande varamedlemmer:
Frå Fjell kommune.....
Frå Sund kommune.....
Frå Øygarden kommune.....

Forslag til vedtak – Saksframlegg 1 forts.

4. Fellesnemnda skal gjennomføre sine oppgåver og ha dei fullmakter som går fram av vedlagte reglement.
5. Det nye kommunestyret skal ha 45 medlemmar
Det nye formannskapet skal ha 11 medlemmar
6. Kommunen skal ha fire hovudutval med ni medlemmar i kvart av dei, og med følgjande ansvarsfelt:
 - Oppvekst og kultur
 - Helse og omsorg
 - Nærings- og samfunnsutvikling
 - Areal- og plansaker

Prinsippet om gjennomgående representasjon skal ligge til grunn.

Forslag til vedtak – Saksframlegg 1 forts.

7. Kommunen skal ha følgjande lovbestemte utval:

- Administrasjonsutval - sju medlemmer, fire politisk valde medlemmar og tre medlemmar frå dei tilsette sine organisasjonar
- Kontrollutval med sju medlemmar, derav tre kommunestyrerrepresentantar.
- Eldreråd med sju medlemmar, derav tre kommunestyrerrepresentantar.
- Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne med sju medlemmar, derav to kommunestyrerrepresentantar.
- Forliksråd med tre medlemmar

Prinsippet om gjennomgåande representasjon skal ligge til grunn.
Fellesnemnda får i tillegg fullmakt til å oppretta andre utval etter behov,
-jf. eige reglement for den.

Forslag til vedtak – Saksframlegg 1 forts.

8. Det vert etablert eit Partssamansett utval i samsvar med §25 i Inndelingslova. Utvalet skal bestå av dei politisk valde medlemmane i Fellesnemnda, og til saman 6 tillitsvalde, -to frå kvar kommune.

Arbeidstakarorganisasjonane/hovudverneombod vel seks medlemmer til utvalet,- to frå kvar kommune.
9. Fellesnemnda får ansvar for organiseringa av kommunevalet i 2019, og skal vere valstype for dette valet.
10. Eingongstilskotet frå staten skal utbetalast til Fjell kommune sin bankkonto 5261.05.00013 og rekneskapsførast i Fjell kommune sin rekneskap på eigen kostnadsstad for etablering av den nye kommunen. Fellesnemnda disponerer dette beløpet.

Saksframlegg 2 - Etablering av ny kommune - val av revisor for verksemda i Fellesnemnda

Innstilling:

1. Fellesnemnda skal følgje same ordninga for rekneskapsføring og revisjon som Førebuande Fellesnemnd. Denne skal gjelde fram til den nye kommunen er etablert og Fellesnemnda sin funksjon opphører. Ordninga inneber at Fjell kommune skal føre Fellesnemnda sin rekneskap, og Fjell kommune sin revisor skal revidera rekneskapen for nemnda.

Sak 33/17 – Gjennomført framtidsseminar 15.05.17 på Panorama Hotell & Resort

- Tilbakemelding frå FF?
- Ønskje om fleire seminar?

Sak 35/17 - Seminar 4, 26. – 27. april

Scandic Airport, Flesland

- Tema: «Mål og visjoner for ny kommune – og gevinstrealisering i praksis»
- Oppsummering frå deltagarar:
 - Silvia Haugland
 - Nils Kåre Skoge
 - Trude Villanger
- Lenke til presentasjon frå seminar 4:
<http://www.ks.no/fagområder/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/ks-tilbud-til-kommunene/mål-og-visjoner-for-ny-kommune--og-gevinstrealisering-i-praksis/>

Sak 26/17 – Oppsummering av førebuande fellesnemnd sitt arbeid

- Oppsummering
- Vidare prosess med formell fellesnemnd

Oppsummering av FF sitt arbeid

- Jfr. Saksframlegg 1 til møta 21. juni – «Etablering av ny kommune – oppfølging av felles Intensjonsavtale og Inndelingslova §§ 25 og 26.

Førebuande fellesnemnd si verksemd.

Nemnda konstituerte seg i første møte 9.november 2016. Ordførar i Fjell vart vald som leiar, og ordførar i Sund og ordførar i Øygarden vart begge vald til nestleiarar.

Kommunestyra ga i møtet hausten 2016 FF i oppdrag å prioritere følgjande fram til Fellesnemnda er etablert:

- Kartleggja eksisterande IKT-system.
- Kartleggja personalreglement og løns- og arbeidsvilkår.
- Utarbeida ein kommunikasjonsplan og sørge for fortløpande informasjon til tilsette og innbyggjarar.
- Krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar
- Kartleggja selskapsstruktur.
- Kartleggja pensjonsordningane.
- Planleggja og gjennomføra eit framtidsseminar.
- Leggja til retta for studietur for å henta erfaring frå kommunar som allereie har vore gjennom samanslåingsprosessen.
- Leggja til rette for felles kommunestyremøte i forkant av oppretting av den formelle fellesnemnda.

Førebuande fellesnemnd si verksemd

FF har fram til utgangen av april 2017 hatt 5 møte. Eit hovudfokus har vore gjennomføring av dei oppgåvene som mandatet føreset, -jf strekpunkta ovanfor. Status for arbeidet kan kort refererast slik:

- Delteke på seminar for kommunar som har vedteke å slå seg saman. Nasjonalt oppfølgingstilbod.
- Utarbeidd kommunikasjonsplan i samsvar med mandatet. Vedteke i møte 8.des.2016
- Orientering frå Bergen kommune om digitalisering 8.des.2016. Administrasjonen vart beden om å ta kontakt med Bergen kommune om samarbeid om digitaliserings-prosjekt
- Utarbeidd felles sak for dei tre kommunestyra om utvida mandat til å gjennomføra tilsetjing av prosjektleiar. Mandatet vart gjeve til eit tilsetjingsutval med dei tre ordførarane, ein tillitsvald frå kvar kommune, og sekretær for FF. Prosjektleiar er planlagt tilsett i FF sitt møte 16.06.2017.
- Utarbeida kravspesifikasjon for tilbod om rekrutteringsbistand i samband med tilsetting av prosjektleiar. Mercuri Urval fekk tilbodet.

Førebuande fellesnemnd si verksemd

- Presentert for rapport om kartlegging av eksisterande IKT-system, -jf punkt i mandatet. Presentasjon i møte 20.02.2017.
- Drøfta politiske rammer for etablering av den nye kommunen, -jf Intensjonsavtalen kap.7- Prinsipp for tenestytting. Møte 20.02.2017.
- Presentert for kartlegginga av personalreglementet, jf punkt i mandatet. 27.03. 2017
- Utarbeidd program og arrangert Framtidsseminar i samsvar med mandatet. Seminaret vart gjennomført 15.mai 2017.
- Drøfta politiske føresetnader for etablering av den nye kommunen, -jf Intensjonsavtalen kap.11 – Kommunen som arbeidsgjevar. Møte 27.03.2017.
- Presentert for kartlegging av selskapsstruktur, -jf mandatet. Førebuing til felles kommunestyremøte 21.juni. Møte 24.04.2017
- Deltek i prosjektet «Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing». Første konferanse 12.-13.juni 2017 på Lillestrøm.

I tillegg sakslista for møtet i dag, 16. juni 2017

Vidare prosess med formell fellesnemnd

- Førebuande fellesnemnd har sitt siste møte i dag, fredag 16. juni 2017
- I Kommunestyremøta 21. juni skal den formelle fellesnemnda veljast, jfr. saksframlegg 1 og saksframlegg 2 til møta 21. juni.
- Den formelle fellesnemnda overtek etter Førebuande fellesnemnd og vil truleg ha sitt første møte etter sommarferien (august/september 2017)

Sak 28/17 - Ymse

Avslutning

Takk for godt samarbeid, gode drøftingar og godt arbeid i Førebuande fellesnemnd – vi kan konstatere at vi har utført alle oppgåvene som låg i mandatet vårt!

Vel møtt til vidare arbeid med å byggja den nye kommunen, i den formelle fellesnemnda!